



KLEPP KOMMUNE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dykkar ref.


Vår ref.
23/01511-5

Saksbehandlar
Rannfrid Stubhaug Braut

Dato
04.01.2024

Varsel om oppstart av reguleringsarbeid for utviding av Markå barnehage og ny køyreveg frå Jærvegen

Klepp kommune varslar oppstart av detaljregulering for utviding av Markå barnehage og ny tilkomst, planID 2023003.



Med blick for alle



Biletet viser flyfoto med planavangrensing, svart stipla linje. Raud sipla linje viser prinsipp for ny køyreveg, men traseen er ikkje fastsett.

Markå barnehage brann ned i januar 2023. Barnehagen er flytta til ledige barnehagelokale på Tu. Markå barnehage skal i første omgang byggjast opp igjen med tilsvarande storleik som den var, om lag 60 barnehageplassar.

Klepp kommune varslar oppstart av detaljregulering for å kunne utvide barnehagen til 150 barnehageplassar. Utviding av barnehagetomta blir mot sør, til området som i dag er regulert til idrettsanlegg.

Det er avgrensa kapasitet i eksisterande køyreveg til barnehagen. Detaljreguleringa skal legge til rette for ny køyreveg frå Jærvegen, lenger nord for dagens tilkomstveg i Viervegen. Kleppe skule, idrettsanlegget og dei inste bustadane i Viervegen får også ny køyreveg.

Trase for ny køyreveg er ikkje fastsett. I varsel om oppstart er planområdet større enn det som blir detaljert i endeleg planforslag. Endeleg planavangrensing tar med berre det arealet nord for Viervegen som er nødvendig for ny køyreveg og gang- og sykkelveg/fortau. Detaljreguleringa

medfører elles ikkje endringar for bustadane i området. Nødvendige frisktsoner blir avklart i planarbeidet.

INFORMASJONSMØTE

Klepp kommune inviterer til ope **informasjonsmøte** om planarbeidet tysdag 16. januar 2024 kl. 19.00 i aulaen på Kleppe skule. Møtet er ope for alle, også dei som ikkje får dette brevet.

Klepp kommune har som ansvarleg planmyndigheit vurdert at planarbeidet ikkje kjem inn under Forskrift om konsekvensutredninger.

Oppstart av planarbeidet blir varsla i Jærbladet 03.01.2024. Varselet kan du sjå på Klepp kommune si heimeside, her: [varsel om oppstart](#), eller ved å gå inn på www.klepp.kommune.no under «Meny» → Politikk og innsyn → Planar → Reguleringsplanar → Oversikt over pågåande planarbeid og vedtekne planar. Her finn du fleire dokument, mellom anna planinitiativet med stadsanalyse.

Dette brevet blir sendt til grunneigarar, naboar og offentlege instansar.

Synspunkt/merknader kan sendast til postmottak@klepp.kommune.no eller Klepp kommune, postboks 25, 4358 Kleppe, innan **02.02.2024**. Skriv «**Uttale PlanID 2023003**» som overskrift for å sikre at uttalen blir arkivert i rett sak.

Alle merknader blir referert og kommentert i saksutgreiinga til hovudutval for samfunn og kultur og kommunestyret, og det er derfor ikkje vanleg å gje skriftleg tilbakemelding til den enkelte.

Når forslaget til reguleringsplan er utarbeidd skal det behandlast politisk i hovudutval for samfunn og kultur.

Saksframlegg med vedlegg som skal til politisk behandling, vil bli lagt ut ei veke før møtet på www.klepp.kommune.no under «Meny» → POLITIKK OG INNSYN → Møtekalender og politiske saksdokument → Møtekalender → Hovudutval for samfunn og kultur. Klikk på aktuell møtedag for å få fram sakliste.

Dersom du har spørsmål kan du kontakte Rannfrid Stubhhaug Braut:
E-post: rannfrid.stubhaug.braut@klepp.kommune.no

Trygve Valen
plan og forvaltningssjef

Rannfrid Stubhaug Braut
arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Mottakrarar:

Miljøretta helsevern

ADMINISTRASJON HELSE OG VELFERD, Lene Mikalsen

KOMMUNEOVERLEGE, Roman Benz

KOMMUNALTEKNIKK, Kjersti Marita Ohr

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

KE NETT AS

JORDVERNFORENINGEN I ROGALAND

SANDNES OG JÆREN BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

KOLUMBUS AS

ROGALAND BRANN OG REDNING IKS

KLEPPE SKULE

KLEPP UNGDOMSSKULE

LNETT AS

DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB)

KLEPP BONDELAG

MARKÅ BARNEHAGE SA

KLEPP IDRETTSLAG

KLEPP KOMMUNE TENESTEOMRÅDE HELSE OG VELFERD

KLEPP KOMMUNE TJENESTEOMRÅDE SAMFUNN OG KULTUR

KLEBE S.K.

KLEPP KOMMUNE TENESTEOMRÅDE BARN OG UNGE

AVINOR AS

KLEPP STASJON IDRETTSLAG

KLEPP ENERGI AS

MYRVEGEN OG OMEGN VE & VEL

Senior- og brukarrådet

Klepp ungdomsråd

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION SØR

KLEPP KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON

MARKÅ BARNEHAGE